

SCENE2 Det Norske Teatret
Rosenkrantzgt. 11

Erik Torstensson

OM SJU JENTER



Erik Torstensson OM SJU JENTER

Omsett og tilrettelagt av

INGEBJØRG SEM

Regi:

INGEBJØRG SEM

Scenografi:

SNORRE TINDBERG

Inspisient:

INGAR NILSEN

Rekvisitør:

STEIN HAMRE

Sufflør:

TONE ASTRUP

Barbro

WENCHE MEDBØE

May

KIRSTI KOLSTAD

Åsa

BRITT LANGLIE

Gun

KARIN HAUGEN

Elsa

INGER LISE WESTBY

Maria

HENNIKA SKJØNBERG

Nell, pleiar

EVA SOLBAKKEN

Gustavsen (August), overpleiar

ALF MALLAND

Erik Svegås, pleiar

JOHANNES ECKHOFF

Sven, pleiar

ARNE LINDTNER NÆSS

Stensen, barnevernsmann

VILHELM LUND


Programredaksjon: Halldis Hoas

Foto: Sturlason

Trykk: Norsk Prent L/L, Oslo


BARBRO

Du ska holde ut me mæi, det er jobben din, du er betalt for e.




MAY

Du skante værre nødt te å takke no'n jævla en, de' har jæ lært mæ.




ÅSA

. . . nei, hu ringe ikke.



GUN

Kanskje dem som ikke er som dem fleste kommer på ting som dem fleste ikke gjør.

**ELSA**

Dem vil skrive mæ ut, dem er helgærne.

MARIA

Folk trenger hasj for å holde produksjonen i gang.


**NELL**

Eg kan ikkje berre passe på deg, eg har mykie å gjera.





AUGUST

Vi må balansere kontakten med jentene så dei ikkje ser på institusjonen som ein heim og ein tilhaldsstad, vekk frå det samfunnet vi skal gjera dei motiverte for.





SVEGÄS

Prinsipp.



SVEN

Vi er så forbanna redde når det er spørsmål om å hjelpe.



STENSEN

Tenk kva kjensler ein hadde før i tida . . .





Det er eit svensk stykke av Erik Torstensson som vi skal presentere på Scene 2 i kveld. Forfattaren gjer bruk av pseudonym, då han har arbeidd på den spesialskolen stykket handlar om. Stykket er bygd over same materialet som dagboka til forfattaren, «Ja skiter i varenda jävla pundhuve», og omarbeidd til norske tilhøve.

Stykket vil vere kjent av mange, for det har vore spela på Dramaten i Stockholm sidan 1971, og har blitt sett av tusenvis av menneske. Det tar handlinga si frå ei lukka avdeling på ein spesialskole for unge jenter. Nokre er narkomaniserte, andre alkoholiserte, men felles for dei er ei kjensle av ikkje å passe inn, korkje heime eller i samfunnet elles.

Mykje har blitt sagt om narkotikamisbruket hos ungdom i dei seinare åra. Statistikkar og tal har blitt sette fram for å syne kor farleg denne smitta er, men for å seie det på det gode, gamle viset: Alle seier at Jeppe drikk, men ingen . . . osv. Det er heller ikkje lett, for komplekset er svært komplisert.

Menneska har til alle tider leita etter noko som kunne hjelpe dei til å gløyme dei daglege problema, anten dei no har budd i Amerika, Afrika, Austen, eller Skandinavia. Og tilbodet er stort og variert, frå alkohol til cannabis, over stimulerande middel som amfetamin, preludin etc., barbiturat, opium, cocablod, til hallucinogene stoff som LSD osv. osv. Vi kjenner biletet så vel. Men kva er det som gjer at så mange unge grip til slike hjelpemiddel? Kontaktløyse? Javel, den har vi alle kjent. Nyfikne? Det kan òg vere ein grunn, men problemet sit djupare enn det.

Vi veit at ein hær av unge menneske bryt opp og ut av sine tidlegare miljø, og driv ikring både i Amerika og Europa utan å vite kva dei søkjer eller kvar dei kan finne det. Ein kan



ikkje stoppe utviklinga, og mange kjenner seg nokså små og meningslause. Problemet hos oss er enno ikkje så stort som i mange andre land, men det veks fortare enn vi vil vere ved. Vi finn denne ungdommen i alle miljø, på skolen, på trikken, på Universitetet og i vår eigen familie.

Mange foreldre har gitt barna sine ein materiell velstand dei sjølve ikkje fekk, og finn dei unge utakksame og urimelege der dei står i sine gamle klede og sitt lange år og representerer ein irritasjon og eit prestisjetap.

Komplekset er stort, og den eine forklaringa kan vere like rett som den andre. Men kan hende er det meir om å gjere at eit barn får gi av sin kjærleik, enn at vi overauser det med vår eigen.

Det blir så ofte sagt at det er taparane i samfunnet som grip til narkotiske middel for å finne balanse i ei verd som krev meir enn dei kan gi. Men er vi ikkje alle taparar på eit eller anna område ein eller annan gong i livet?

Ingebjørg Sem.





Lena Nyman som Barbro i uroppføringa på Dramaten.






KVA FORFATTAREN SEIER . . .

Skodespelet handlar om «fruktene av ein generasjon som hata heimen». «I skodespelet «OM SJU JENTER» har formproblemet vore det mest interessante.» Forfattaren søkjer eit direkte uttrykksspråk som kan gi rom til kaos og kontrastar, varm humor midt i elendet. «Teatret har ein funksjon når det gjeld å trene opp kjenslene, men teaterspråket er ofte gammalt og litt-rært.» Han ville utnytte denne kjensletrenande funksjonen innanfor teatret og skrive eit skodespel som har eit uttrykksspråk som både stimulerer tilskodaren sitt kjensleliv og hans forstand. «På spesialskolen fekk eg eigentleg først den impulsen at eg skulle skrive eit skodespel og ikkje ei bok. Det skulle bli eit skodespel om jenter som ikkje har noko språk.» Boka — «Ja skiter i varena jævla pundhuve» — kom først, med fakta, intervju og kritikk. Skodespelet gjer det mogleg for oss å leve med desse jentene. «Det er ikkje **dei** som er våre problem, det er **vi** som er deira problem. Det er vårt avpersonaliserte språk som skapar deira vakum og kjenslemessige forvirring.» Han meiner at vi alle blir prega av den same eksistensielle lidning og av den same sundspregde, aggressive og upersonlege notida. Han kjem med det framlegg at vi freistar å hjelna einannan. No.

(frå Dramatens program).







SPELPLANEN PÅ DET NORSKE:

HOVUDSCENEN:

Vi held fram med storsuksessen

BØR BØRSON JR.

av Harald Tusberg etter Johan Falkbergets roman.

Musikk: Egil Monn Iversen.
Regi: Sverre Udnæs.
I tittelrolla: Rolv Wesenlund.

I september kjem

Tormod Skagestad:

Det stig av hav

Regi: Tormod Skagestad.
Scenografi: Arne Walentin.

Med m. a. Ingolf Rogde og Lasse Kolstad.

Deretter følger

August Strindberg:

Påske

Regi: Gerhard Knoop.
Scenografi: Snorre Tindberg.

Med m. a. Astrid Sommer, Britt Langlie, Odd Furøy.

For barna:

Asbjørn Toms:

VESLEFRIKK MED FELA

Regi: Rolf Daleng.
Scenografi: Snorre Tindberg.
I tittelrolla: Nils Sletta.

Neste framsyning på

SCENE2

blir

Jean-Paul Sartre:

SKITNE HENDER

Regi: Svein Erik Brodal.
Scenografi: Tom Berre.

Med m. a. Jack Fjeldstad, Ole-Jørgen Nilsen, Ulrikke Greve, Ragnhild Hilt.

«Skitne hender», som vart urframført i Paris i 1948, står sentralt ikkje berre i Sartres produksjon, men innanfor vårt hundreårs drama i det heile. Hovudproblema i stykket er framleis aktuelle: Salongkommunisten som partifunksjonær. Den intellektuelle som handlingsmenneske. Er alle middel tillatne for å nå eit politisk mål? Kan ein i det heile drive med politikk utan å skitne til hendene sine? Utan å måtte ofre dei reine ideala til føremom for det som synest naudsynt i augneblinken?



For barna kjem

Eit leikespel av Alf Prøysen.

I BAKVENDTLAND

Regi: Rolf Daleng.

